



# Nissedal kommune

## Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2018/959-3	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	19.09.2018

### Referat frå møte i SU - måndag 17.09.18

Desse møtte: Reidun Carol Retterholt, Frida Brekke, Marit Madsen, Carina Olsen, Bjarne Reime, Marjan Wouts, Lars Brynjulv Nordbø, Hildegunn Rønningen og Bjørn Leirvik.

Reidun leia møtet.

#### Saker:

**Konstituering:** Leiar: Bjarne Reime, Nestleiar: Marjan Wouts, Referent: Bjørn Leirvik  
**Møteplan for året:** Kvar tredje måndag i sept., nov., mars og mai.

**Gjennomgang av SU sitt mandat:** SU er skulen sitt øvste organ. Til sjuande og sist likevel berre eit rådgjevande organ for politikarane.

**Eksamensresultat/grunnskulepoeng sist vår:** Fleire representantar sakna det gode resultat på munnleg eksamen i arbeidslivsfag i utdelt oversikt over eksamensresultat. Litt drøfting av dei dokumenterte eksamensresultata og grunnskulepoenga. Små elevkull mange år...

**Innspel til budsjett neste kalenderår:** Det vart vist til vedtak i SU-møtet frå april. Dei store investeringane er ikkje gjort, men nye gardiner og anna er på plass. I møtet vart det reist spørsmål om korleis saka om "mekke-verkstad ligg" an? Kva med verktoy og maskiner eventuelt? Bør kanskje eit samarbeid med ungdomsklubben vitaliserast? Elevrepresentant hugsa igjen på gras til ballbingen...

#### Skulen sitt utviklingsarbeid. Kvar er vi?

\* Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Felles for alle kommunane i Vest-Telemark. Prosjektet går over 2,5 år. Klasseleing er viktig å arbeide med først, men også livsmeistring og samarbeid heim-skule.

\* IKT-strategi. Det vert kursdag for lærarane 2. januar 19. Alle elevane får kvar sin I-pad i løpet av vinteren/våren, kanskje før vinterferien. Alle I-padane skal setjast opp med like appar og like avgrensingar... To lærarar får litt nedsett tid for å vere ressurslærarar. ASP-IT vil stå for teknisk support. Elevane skal etter planen møte på skulen med fullada I-padar kvar dag. Det har ikkje vore problem andre stader.

\*Plan for Heim-skulesamarbeid. Dette vil i denne omgang vere mest på rektornivå i samarbeid med FAU:

**Utdeling av brosjyre frå FUG, "Medlem av skulen sitt samarbeidsutval".** Vi lova kvarandre å lese den heime, før neste møte...

**Utdeling av årshjul:**

- \* **November:** Resultat frå nasjonale prøver  
Framlegg til budsjett og handlingsplan leggjast fram.  
Tilstandsrapport-orientering
- \* **Februar:** Uttale til skulerute for neste skuleår  
Uttale før revidering av ordensreglement  
Felles temamøte/foreldremøte til hausten. Innhald?
- \* **April/mai:** Bemanning neste skuleår  
Skulen sitt utviklingsarbeid. Kvar er vi?  
Økonomi

**Eventuelt:**

- Psykososialt miljø. Foreldrerepresentant oppfordra til å følgje "helsesista" på instagram, facebook eller snapchat. Ho burde ver høgaktuell for invitasjon til storforeldremøte.
- Elevrepresentant lurte på om det kunne vere ein ide å samle inn mobliane i første friminutt i staden for heilt i starten på dagen.
- Reidun har ferie ei veke, ons. 26. sept - ons. 3. okt.

Referent,  
Bjørn Leirvik

Med helsing

Reidun Carol Retterholt  
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*